



ADVOKATTILSYNET

ÅRSRAPPORT 2025

STYRELEIARS FRÅSEGN

Advokattilsynet har no vore gjennom sitt første driftsår etter at advokatlova tok til å gjelde og innførte eit heilt nytt tilsyns- og disiplinærsystem for norske advokatar.

Advokatprofesjonen er ein heilt nødvendig del av ein robust rettsstat, og advokatar si uavhengigheit og deira faglege og etiske standardar er grunnleggjande føresetnader for at profesjonen kan fylle rolla si i rettsstaten. Advokatane sine grunnleggjande plikter overfor rettsstaten og det rettssøkande publikummet utgjer difor også fundamentet for verksemda til Advokattilsynet som tilsynsorgan for profesjonen.

Samfunnsoppdraget til Advokattilsynet er grunnleggjande sett å sikre rettsstaten ved å sjå til at advokatprofesjonen oppfyller sitt samfunnsoppdrag. Ein viktig del av advokatens oppdrag er å ta vare på den einskilde sine interesser overfor staten, og dermed vere ei kritisk røyst overfor styresmaktene.

Gjennom advokatlova sitt val av tilsynsmodell er Advokattilsynet etablert som eit forvaltningsorgan, der fire av fem styremedlemer er oppnemnde av sivilsamfunnsorganisasjonar – Advokatforeininga, Dommarforeininga og Revisorforeininga. Staten set rammene for verksemda gjennom lov og forskrift, men Advokattilsynet er elles uavhengig.

Delar av verksemda er knytte til å kontrollere at vilkåra i lova er oppfylte for utferding av advokatløyve, autorisasjonar som advokatfullmektigar og andre formalkrav knytte til advokatverksemd. Advokattilsynet er oppteke av å yte effektiv service overfor bransjen i saksbehandlinga av slike saker, og har fokus på å halde saksbehandlingstidene låge.

Gjennom advokatlova er føresetnadene for tilsynsverksemda vesentleg endra ved at Advokattilsynet kan gjennomføre tilsyn med bruk av eige personell, der Tilsynsrådet nytta eksterne revisorar. Dette gir høve til eit breiare fokus ved tilsyna, betre kontroll, tettare dialog og meir effektiv framdrift. Den nye tilsynsmodellen vil også leggje til rette for meir målretta tematilsyn og handtering av større saker.

Fordi advokatprofesjonen er prega av eit svært stort spenn i verksemdene sin storleik, organisering og arbeidsområde, er Advokattilsynet oppteke av å tilpasse innretninga av tilsyn til desse skilnadene, slik at tilsyna blir mest mogleg relevante opp mot dei risikofaktorane som gjer seg gjeldande i den einskilde advokatverksemda.

Tilsyn rettar seg særleg mot at advokatverksemd blir driven i samsvar med rammene advokatlova, anna lovgjeving og dei grunnleggjande advokatetiske normene set. Eit overordna fokus er å sikre at advokatar lojalt og på ein forsvarleg måte tek vare på klientane sine interesser i heile verksemda, og å førebyggje skade og tap for klientane. Sentralt står også etterleving av

relevante reglar knytt til organisering av verksemda, rekneskap, handtering av klientmidlar og rutinar for anti-kvitvasking.

Eit viktig supplement til tilsynsverksemda er rettleiing overfor advokatane for å førebyggje svikt. Gjennom dette første året har Advokattilsynet utarbeidd rettleiarar både for profesjonen og for rekneskapsførarar og revisorar som har oppdrag for advokatverksemdar. Det er også sett i gang eit gratis undervisningsopplegg i arbeid med anti-kvitvasking.


Den årlege rapporteringa frå advokatverksemdene til Advokattilsynet blir stadig vidareutvikla og er eit viktig verkemiddel både for å bevisstgjere verksemdene om etterleving og som grunnlag for risikobasert utval av tilsynsobjekt.

Verksemda til Advokattilsynet skjer i samspel med Advokatnemnda, som både behandlar disiplinærklager mot advokatar og er klageinstans for avgjerdene til Advokattilsynet.

I tilfelle der det blir avdekt forhold som tilseier at ein advokat er uskikka til å utøve advokatverksemd, legg Advokattilsynet vekt på at omsynet til å verne det rettssøkande publikummet må vegast mot krava til rettstryggleik og grundig saksbehandling av bevillingssaka. Advokattilsynet er oppteke av å nytte dei moglegheitene den nye tilsynsmodellen gir for å oppnå raskare reaksjon der det ligg føre forhold som tilseier at vilkåra for tilbakekall er oppfylte.

Sidan oppstarten for eitt år sidan har Advokattilsynet vidareført kompetansen frå dei tilsette i det tidlegare Tilsynsrådet, samstundes som organisasjonen er vidareutvikla og prosessar er tilpassa nye oppgåver baserte på nye reglar og heimlar.

Det har gått med mykje ressursar til førstegongsavklaringar og etablering av praksis og rutinar. Samstundes har vi stått overfor ei betydeleg mengde pågåande tilsyn og saker. Det har difor i avgrensa grad blitt vedteke nye tilsyn i 2025. Dette vil endre seg i 2026 etter kvart som fleire pågåande saker blir avslutta, og ein samstundes har styrkt administrasjonen med nødvendige revisor- og juristressursar tilpassa den nye tilsynsmodellen.



Anders Brosveet
Styreleiar

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Advokattilsynet og samfunnsoppdraget

Advokattilsynet er eit uavhengig forvaltningsorgan, organisatorisk tilknytt Justis- og beredskapsdepartementet.

Samfunnsoppdraget til Advokattilsynet er å føre tilsyn med at advokatar, advokatfullmektigar, advokatføretak og einingar med organisasjonsadvokatar etterlever reglar fastsette i eller med heimel i lov. Som ei verksemd i justissektoren skal tilsynet gjennom arbeidet sitt også bidra til rettstryggleik og låg kriminalitet. Tilsynsaktiviteten har primært grunnlag i advokatlova med forskrifter og kvitvaskingsregelverket. Advokattilsynet har også ei rekkje oppgåver knytt til utferding av advokatløyve og autorisasjon av advokatfullmektigar, samt drift av register over advokatar, advokatfullmektigar og juristregisteret.

Frå Tilsynsrådet til Advokattilsynet

Året 2025 har vore prega av overgangen frå Tilsynsrådet til Advokattilsynet, som følgje av at advokatlova trådde i kraft 1. januar 2025. Advokattilsynet vart formelt oppretta same dato, og dei tilsette i Tilsynsrådet vidareførte stillingane sine der.

Gjennomført tilsynsarbeid har vore prega av at mykje ressursar er brukt på overgangen til nytt organ og ny lov. Det er særleg grunn til å framheve dei tilsette si vilje til omstilling og innsatsen dei har lagt ned i utvikling av verksemda og for å legge til rette for overgangen til tilsyn. Arbeidet med tilpassing til nytt økonomisystem har vore spesielt omfattande. Prioritering av omorganiseringsoppgåver har ført til at risikovurderinga av advokatbransjen er forskyvd til 2026.

Etterleving og tillit til bransjen

For å sikre publikum tilgang til gode advokattenester, ivareta rettstryggleiken, leggje til rette for like konkurransevilkår og oppretthalde høg tillit til advokatar, må advokatar og føretak innrette verksemda si i tråd med gjeldande regelverk. Kjennskap til og etterlevinga av sentrale krav er i bransjen god, og det synes å være noko aukande medvit om reglane om anti-kvitvasking og terrorfinansiering. Mange tek kontakt med tilsynet for rettleiing. Dette gir eit godt grunnlag for vidare etterleving og tilsyn.

Utviklingstrekk i tilsynsarbeidet

Sjølv om inntrykket er at etterleving av sentrale krav er god, har Advokattilsynet samstundes merka seg fleire utfordringar gjennom året, nokre som følgje av ny lov og andre av meir vedvarande karakter.

Ei vedvarande utfordring er der enkelte advokatfirma set ut vesentlege delar av oppdrag til personar som har fått tilbakekalla advokatløyvet. Dette kan svekkje effekten av tilbakekall, redusere kvaliteten på bistanden og utgjere både ei utfordring for publikum og eit omdømmeproblem for bransjen.

Når sanksjonar retta mot enkeltpersonar ikkje har tiltenkt effekt fordi andre enn advokatar som har eigarskap i advokatverksemd held fram med den uforsvarlege verksemda, er det behov for å kunne reagere med reaksjonar mot føretaket. Dette er eit vedvarande problem, som ikkje er løyst med ny lov. Her ser Advokattilsynet behov for regelendringar.

Uklare grenser for kva oppgåver ikkje-advokatar kan utføre, og kva anna verksemd advokatar kan drive i advokatføretak, skaper framleis utfordringar. Dette gjeld både korleis verksemdene lovleg skal innrette seg, og kva forventingar publikum kan ha til tenestene. Advokattilsynet vil arbeide vidare med å avklare grensene i praksis.

Advokattilsynet møter tidvis motstand mot å få tilgang til nødvendige opplysningar ved tilsyn og bokettersyn. Presiseringane i advokatlova tok sikte på å betre dette, og det framstår no klart at tilsynet skal få tilgang til nødvendige opplysningar, også der dei er underlagde teieplikt eller verna av bevisforbod i straffeprosesslova og tvistelova. Dette er ein føresetnad for effektive og grundige tilsyn, for å avdekkje regelbrot og sikre tillit til advokatverksemda. Blir det skapt tvil om dette frå andre aktørar, vil det ha motsett effekt.

Advokatlova legg opp til at Advokattilsynet i hovudsak skal gjennomføre tilsyn og bokettersyn med eigne ressursar. Dette gir betre kontroll, tettare dialog og meir effektiv framdrift. Det kan også leggje til rette for meir målretta tematisyn og handtering av større saker. Samstundes er advokatane si eigenrapportering vidareutvikla og utvida for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om risikobiletet i bransjen. Dette gjer det mogleg å prioritere tilsyn der risikoen er høgast og gi rettleiing der behovet er størst, og er eit sentralt grunnlag for vidare internalisering av tilsynsarbeidet framover.

Reaksjonar, sanksjonar og forvaltarordninga

Når advokatar driv uforsvarleg og i strid med regelverket blir tilliten til advokatstanden utfordra og det kan oppstå skade og tap for klienten. Bruk av reaksjonar som pålegg og tilbakekall, forbod mot å yte rettshjelp, politimelding, innrapportering og oppnemning av forvaltar, når vilkåra for dette er oppfylt, er viktig tiltak for å handheve brot på regelverket. Sjå nærmare omtale av dette i kapittel III, «årets aktivitetar og resultat».

Rettleiing og opplæring

Næringsdrivande har ansvar for å etterleve regelverket, og advokatar har gode føresetnader for å innrette seg etter gjeldande krav. Det er likevel behov for rettleiing for å sikre brei etterleving. I 2025 har Advokattilsynet gitt omfattande individuell rettleiing, mellom anna som følgje av ny lov.

Individuell rettleiing er ressurskrevjande. Difor starta tilsynet i 2025 eit større opplæringsprosjekt for kvitvaskingsansvarlege i advokatføretak, i samarbeid med PwC, som er nærare omtalt i kapittel III.

Finansiering

Advokattilsynets verksemd er finansiert ved lovpålagte årlege bidrag frå advokatar og juristar. Tilsynets økonomi er omtalt i kapittel VI.

Advokattilsynets styre

Advokattilsynets styre har fem medlemmar med personlege varamedlemmar. Nærare reglar for oppnemning følgjer av advokatlova. Kompetanse til å treffe avgjerder ligg til styret, og med unntak av prinsipielle eller særleg viktige saker kan dette delegerast til administrasjonen. Delegasjon av kompetanse er beskrive i det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsnotat.

I 2025 har det vore arbeidd med å tilpasse verksemda og rapporteringa til ny lov, nye oppgåver og krav, samt ny rapportering og økonomistyring. Omsynet til advokatane og tilsynet si uavhengige stilling har vore førande for val av budsjettmodell. Samstundes er verksemda organisert i tråd med statlege krav, med omsyn til dei særtrekka som gjeld for organet.

Spørsmålet om uavhengigheit har vore viktig for styret å følgje opp, mellom anna på bakgrunn av uro for at staten kan påverke prioriteringar og gjennomføring av tilsyn. Dette kan i så fall gripe inn i advokatane si uavhengige rolle, ofte nettopp overfor staten. Styret har difor løfta problemstillinga og opplever at relevante aktørar gjennom dette har merka seg kor viktig det er å ivareta Advokattilsynet si uavhengige rolle.

Advokattilsynets styre har i 2025 hatt 16 styremøter.

Advokattilsynets leiing og styret har i 2025 hatt tre møter med Justis- og beredskapsdepartementet.

Styrets vederlag blir fasett av Justis- og beredskapsdepartementet.

Under er oversikt over Advokattilsynets styre i 2025, med personleg varamedlem i kursiv.

Styret i Advokattilsynet



Anders Brosveet
Styreleiar

Vara: Advokat Bendik Falch-Koslung

Advokat Magnhild Pape Meringen



Vara: Advokat Nina Monssen

Revisor Miriam Tvorg Johansen



Vara: Statsautorisert revisor
Ruben Bjerketveit

Dommar Knut Rye-Holmboe



Vara: Dommar Ellen Birgitte
Røsgaard

Dr. juris Berte-Elen R. Konow



Vara: Høgskulelektor Jon Aga

Advokattilsynets administrasjon

Dagleg drift av Advokattilsynet ligg til administrasjonen. Administrasjonen blir leia av direktøren som er tilsett på åremål. Dag Eriksen var direktør i 2025. Tonje Hovde Skjelbostad vart tilsett av styret som direktør 1. januar 2026.

Tonje Hovde Skjelbostad
Direktør



Dag Eriksen
Assisterande direktør



Jonas Haugsvold
Juridisk direktør



Advokattilsynet er ein relativt liten organisasjon med høg kompetanse og stor fleksibilitet. Det er låg turnover og lågt sjukefråvær, og arbeidsmiljøet vert oppfatta som godt. I samband med ny lov og omlegging av tilsynsaktiviteten vart det tilsett ein intern revisor i 2025. To nye revisorar tek til i 2026, og fleire juristar er tilsette i løpet av året.

Ny direktør vart tilsett hausten 2025 og starta 1. januar 2026. Direktøren skal følgje opp sentrale prioriteringar, mellom anna utarbeide strategi for den vidare verksemda. Dette omfattar å slutføre modell og prosess for å ta tilsynet heim, byggje intern tilsynskapasitet og styrkje den strategiske kommunikasjonen om risikobiletet i advokatbransjen, verksemda og prioriteringane til tilsynet.

Advokattilsynets leiargruppe er frå 2026 direktør Tonje Hovde Skjelbostad, assisterande direktør Dag Eriksen og juridisk direktør Jonas Haugsvold. Advokattilsynet er organisert i fagavdelingar med juristar og økonomar, ei administrasjonsavdeling og leiarstøtte. I 2025 har administrasjonen hatt 18 medarbeidarar.

For gjennomføring av stadlege tilsyn er det inngått samarbeidsavtale med Ernst og Young AS og KPMG.

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Generelt

Advokattilsynet kan føre tilsyn på fleire måtar og innanfor eit breitt spekter av saker og tema knytte til advokatverksemd. Formålet med tilsynet er å førebyggje skade eller tap for klientar, samt å medverke til at advokatstanden har den nødvendige tilliten i samfunnet. Gjennom sitt arbeid skal Advokattilsynet også bidra til rettstryggleik og låg kriminalitet. Advokattilsynet kontrollerer at advokatar har innretta verksemda si i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, mellom anna advokatlova med tilhøyrande forskrift og kvitvaskingslova.

Ein stor del av tilsynsarbeidet skjer planlagt og risikobasert, mellom anna på grunnlag av advokatane si eiga rapportering, identifiserte risikoforhold i bransjen og utviklingstrekk i samfunnet elles. Slike tilsyn vil ofte vere meir omfattande og kan gjennomførast anten som stadlege tilsyn eller som dokumentbaserte kontrollar i eit advokatføretak. Slike tilsyn resulterer ofte i ein rapport, eventuelt med tilrådde tiltak eller oppfølging i etterkant. Advokattilsynet fører òg aktivt tilsyn i enkeltsaker av ulike grunnar, eller innanfor utvalde tema. I slike tilfelle blir det ofte etterspurt informasjon som er nødvendig for å vurdere om det er grunnlag for vidare oppfølging.

Både planlagde og meir omfattande tilsyn, og meir avgrensa tilsyn, kan ende med at Advokattilsynet ikkje har merknader dersom forholda er i orden. I andre tilfelle kan utfallet vere pålegg om retting, lovbrotsgebyr, suspensjon eller tilbakekall av advokatløyve, dersom dei strenge vilkåra for dette er oppfylte. Advokattilsynet legg vekt på målretta oppfølging av verksemdar med indikasjonar på uforsvarleg drift, og særleg der det er haldpunkt for at klientane sine interesser ikkje blir forsvarleg vareteke.

Advokattilsynet gir dessutan omfattande rettleiing til advokatar og advokatføretak.

Advokattilsynets første driftsår

2025 er Advokattilsynet sitt første driftsår. Advokattilsynet vidarefører i stor grad Tilsynsrådet for advokatverksemd sine arbeidsoppgåver, men har òg fått nye oppgåver og ansvarsområde. Med advokatlova vart det innført nye rettsreglar på fagområdet, og opprettinga av Advokattilsynet innebar òg administrative endringar. Advokattilsynet er innlemma i statsbudsjettet, noko Tilsynsrådet ikkje var.

Saksbehandlingstid

På bakgrunn av omlegginga hadde verksemda i første halvår eit særleg fokus på å oppretthalde normal drift, særleg innan behandling av søknader og registreringar av advokatverksemdar. Omlegginga førte berre unntaksvis til lengre saksbehandlingstid i oppstartsfasen. Elles har saksbehandlingstida for autorisasjonar og advokatløyve blitt redusert i 2025.

Nye krav og regelendringar

Store ressursar har i den første tida òg vorte brukte på rettsavklaringar, og tilsynet har i den samanhengen utarbeidd nye retningslinjer og rettleiarar på fleire sentrale ansvarsområde. Advokatar og andre har òg i perioden hatt stort behov for rettleiing. Advokattilsynet har i 2025 tilpassa verksemda til endringar i regelverket om søknad om advokatløyve og autorisasjon som advokatfullmektig.

Med advokatlova er høve til å ha passivt advokatløyve fjerna og alle som skal starte advokatverksemd må no søke om advokatløyve. For søkarar som tidlegare har hatt advokatløyve nyttast ein forenkla søknadsprosess. Advokattilsynet har gjennom året hatt mange førespurnader knytt til denne endringa.

Vidare har innføring av nye krav til praksis for førstegangssøkarar kravd ein del ressursar. Dei viktigaste endringane gjeld krav om prosedyrerfaring og godkjenning av anna juridisk praksis. Advokattilsynet har utarbeidd retningslinjer for praksiskravet og svart ut spørsmål frå publikum, samtidig som det var ei auke i talet på førstegangssøknadar i 2025.

Endringar i tilsynsmetodikk med ny lov

Advokatlova gir Advokattilsynet eit større handlingsrom når det gjeld organisering og gjennomføring av stadlege tilsyn. Tidlegare lov føresette at den stadlege tilsynsaktiviteten skulle utførast av eksterne aktørar (revisorar). I 2025 vart det sett ned ei intern arbeidsgruppe som gjekk gjennom dei ulike sidene ved tilsynsaktiviteten vår, med tanke på ei omlegging der Advokattilsynet sjølv har den nødvendige kompetansen og utfører tilsynsaktiviteten.

Det skal byggjast opp ei eiga eining med revisjons- og granskingskompetanse som skal støtte opp om tilsynsarbeidet. I 2025 vart det tilsett ein person med revisorbakgrunn som skal leie eininga, som vil bli styrka med ytterlegare to medarbeidarar i første halvdel av 2026.

Tilsynsrevisorar frå EY og KPMG har også i 2025 laga ein rapport der deira erfaringar frå gjennomgang og kontroll av eigenerklæringane blir omtalt.

Kort om igangsette tilsyn

Tilsynsaktiviteten er risikobasert, det vil seie at ressursane blir kanaliserte dit behovet for tilsyn er vurdert til å vere størst.

I 2025 beslutta Advokattilsynet å gjennomføre tilsynsbesøk i fire føretak. Tilsvarende tal for 2024 var 27. Nedgangen har samanheng med ressurssituasjonen ved omlegging av verksemda, samanhalde med at mange av fjorårets tilsyn vart beslutta seint på året og ikkje var sett i verk før årskiftet 2025. I tillegg var det fleire svært omfattande tilsyn under arbeid som var ressurskrevjande.

Advokattilsynet skal bidra til å redusere kriminalitet. Saker der det har vore mistanke om medverknad frå advokaten ved tilrettelegging av økonomisk kriminalitet har difor vore ei

prioritert oppgave også i 2025. Det har i 2025 blitt avdekket at advokatar har bistått med bruk av klientbankkonto til rene betalingsformidlingsoppdrag.

Advokattilsynet prioriterer å gjøre verksemda si synleg og å formidle informasjon gjennom kurs og rettleiing til advokatar og andre interessentar. Mellom anna har tilsynet halde innlegg på Advokatforeiningas anti-kvitvaskingsdag og har bistått Revisorforeininga med å utarbeide eit e-kurs for revisjon av advokatverksemd. Advokattilsynet har utstrakt kontakt med media og mottok også verdifull informasjon om bransjen gjennom denne kontakten.

Ousdal-saka

I 2024 vart det avdekt ein omfattande lånesvindelsak i Stavanger knytt til den tidlegare advokaten Per Asle Ousdal. Saka har fått brei medieomtale og omfattar svært mange transaksjonar. Advokattilsynet har også i 2025 nytta betydelege ressursar på oppfølging av saka, både internt og gjennom innleigde ressursar.

I 2024 starta EY gjennomføringa av eit avgrensa tilsyn hos Advokatfirma Bull Årstad DA og i enkeltpersonføretaket til Per A. Ousdal. I mai 2025 fekk Advokattilsynet rapporten frå EY, basert på tilsynsrevisor sin gjennomgang av 41 784 transaksjonar.

I 2025 vedtok Advokattilsynet, i samråd med EY, å overføre tilsynssaka frå EY til Advokattilsynet. Advokattilsynet vil utarbeide endeleg rapport frå tilsynet i 2026.

Samhandling og dialog

Administrasjonen har dialog og samarbeid med fleire aktørar, under dette Finanstilsynet og Økokrim. I samband med utarbeiding av ny NRA har tilsynet hatt tettkontakt med FIU'en hos Økokrim.

I desember var tilsette i administrasjonen og representant for styret på nordisk seminar om tilsyn i København. Det var nyttig erfaringsutveksling med nordiske kollegaer om anti-kvitvasking og tilsynsmetodikk.

Det vart gjennomført to faglege seminar for Advokattilsynet og Advokatnemnda, kor også Advokatforeininga deltok.

Møteverksemd

Administrasjonen har, som tidlegare, hatt jamn og god kontakt med departementet, særleg knytt til innføring av nye økonomikrav og innføring av advokatlova.

Administrasjonen deltar i Kontaktforum sine møter for bekjempelse av kvitvasking. Administrasjonen har også hatt møter med Finanstilsynet, regelmessig kontakt og informasjonsutveksling med Økokrim og politidistrikta, under dette i straffesaker der advokatar på ulikt vis er involvert.

Kvitvasking og terrorfinansiering

Generelt

Advokattilsynet har prioritert oppfølging av advokatføretaka si etterleving av anti- kvitvaskingsregelverket. Det er nytta betydelege ressursar til dette arbeidet, som har bestått både av stadlege og dokumentbaserte tilsyn, om lag ca. 8,5 årsverk inkludert eksterne ressursar frå EY og KPMG.

Av de fire vedtaka om tilbakekall som var treft i 2025, og som gjaldt andre forhold enn fristoversitting, utgjorde manglande etterleving av anti-kvitvaskingsregelverket ein del av grunnngjevinga i samtlege vedtak.

Arbeid med juridiske avklaringar

Som grunnlag for sitt arbeid med tilsynsverksemd på anti-kvitvaskingsområdet ønskte Advokattilsynet å hente inn ei fagleg vurdering av enkelte problemstillingar knytta til advokatar si etterleving av anti-kvitvaskingsregelverket. Professor Jon Petter Rui vart engasjert av styret til mellom anna å finne ut av kva krav tilsynet kan stille til skriftleg dokumentasjon av advokatens risikovurdering og risiko knytta til bruk av klientbankkonto. Rui bidrog både med skriftleg og munnleg utgreiing om problemstillingane.

Opplæringsprogram

Advokattilsynet engasjerte PwC for å tilby praktisk trening i anti-kvitvaskingsarbeid til kvitvaskingsansvarlege i norske advokatføretak. Føremålet med opplæringa er å heve den generelle risikoforståinga i advokatbransjen, samt bidra til å gjere kvitvaskingsansvarleg betre i stand til å utvikle gode, interne anti-kvitvaskings- og internkontrollrutinar i eige føretak.

Deltaking er gratis, og eit modulbasert opplæringsprogram er utvikla med tanke på å kunne tilbys over fleire år. Kursa vil vere tilpassa storleiken på advokatføretaka, samt produkt og tenester. Dei første kursa vart gjennomført i 2025 og vil halde fram i 2026 og 2027.

Endringar i kvitvaskingslova – bruk av lovbrotsgebyr

Med verknad frå 1. juli 2025 vart kvitvaskingslova § 4 andre ledd bokstav c endra, slik at det går fram at også advokatføretak er underlagt kvitvaskingslova i dei situasjonane som er angitt i bokstav c. I Prop. 120 L (2024-2025) peiker Finansdepartementet på at føremålet med lovendringa var å gjere det tydeleg at advokatføretak er underlagt kvitvaskingslova og dermed sikre Advokattilsynet en tydelegare heimel for å illeggje advokatføretak lovbrotsgebyr. Finansdepartementet understrekar samstundes at lovendringa berre er ei presisering av gjeldande rett.

Ordlyden i kvitvaskingslova § 49 første ledd andre punktum var endra samstundes. Tidlegare gjekk det fram av kvitvaskingslova § 49 første ledd at lovbrotsgebyr kunne illeggjast føretak sjølv om ingen enkeltperson hadde utvist skuld. Ved at regelen no viser til forvaltningslova § 46 første ledd første punktum, er det klårt at det gjeld eit krav om aktløyse ved illeggjing av lovbrotsgebyr

til rapporteringspliktige føretak. Under tilvising til Finanstilsynets praksis i saker om lovbrotsgebyr, uttalar Finansdepartementet i Prop. 120 L (2024-2025) at heller ikkje denne lovendringa er ei realitetsendring.

Advokattilsynet har i 2025 utarbeidd rutinar for bruk av lovbrotsgebyr.

Møteverksemd

11. – 12. november 2025 vart Nordisk seminar om tilsyn gjennomført i København. Det danske Advokatsamfundet var vertskap for tilsyn frå Noreg, Sverige, Finland og Danmark og representantar frå både Advokattilsynets styre og administrasjon deltok. Dei ulike landa sine modellar for tilsyn vart presentert og diskutert.

Advokattilsynet har deltatt på workshop om førebuing til utarbeiding av ny Nasjonal risikovurdering 2026 og har i 2025 bidratt inn i dette arbeidet. Advokattilsynet har også regelmessig deltatt på møter i Kontaktforum. Det har vore eit møte mellom Advokattilsynet og arbeidsgruppa som vurderer gjennomføring av EUs nye anti-kvitvaskingspakke.

FATF

Financial Action Task Force (FATF) vil etter plana starte si landevaluering av Noreg vinteren 2027, fulgt av landbesøk på to til tre veker vinteren 2028, og deretter behandling av Noregs rapport i plenums møtet i oktober 2028. Advokattilsynet har i 2025 arbeidd med ulik førebuing til knytta til evalueringa.

ADVOKATBRANSJEN I TAL

Advokatregister og advokatfullmektigregister


Advokattilsynet fører kjerneregisteret over alle landets advokatar, advokatfullmektigar og juristar med tryggleiksstillelse. Den offentleg søkbare delen av registeret har i 2025 blitt utvida og modernisert, og oppfyller no advokatlova sine krav til søkbart innhald.

Registeret omfattar opplysningar om historikk over advokatløyve, om møterett for Høgsterett, samt oversikt over disiplinærreaksjonar. Advokattilsynet har også etablert eit advokatfullmektigregister for oppslag på advokatfullmektigar og oversikt over kva advokatar som er registrert med prinsipalansvar for den enkelte advokatfullmektig. Registra er kopla saman slik at ein også får oversikt over alle advokatfullmektigar ein advokat har autorisert for seg.

Data frå tilsynets register blir nytta i fleire offentlege og private verksemdar som normalt hentar registeropplysningar frå Advokattilsynet via Altinn (API). I 2025 vart det gjort 1 129 442 oppslag mot Advokatregisteret i Altinn.

Advokatar og juristar

Per 31.12.2025 var 9940 personar registrert som praktiserande advokatar. 5555 menn og 4385 kvinner. Tilsvarende tal per 31.12.2024 var 9571 (5482 menn og 4089 kvinner). Vidare var det registrert 30 personar med advokatløyve frå EU/EØS-statar, som dreiv verksemd i Noreg i kraft av denne. Det var 19 advokatar frå land utanfor EØS-området registrert hos Advokattilsynet.




57 personar var registrert som jurist med tryggingstilsele. Det var vidare registrert 74 personar med løyve til å utøve advokatverksemd på vegne av advokatføretak etter overgangsregelen i advokatlova § 73 fjerde ledd. Dette er personar som på bakgrunn av tilfredsstillande utdanning

innan spesielle rettsområde hadde løyve frå Tilsynsrådet til å yte rettshjelp på området, og som ved å ha tryggingstillegg kunne utøve slik verksemd frå advokatføretak, jf. tidlegare reglar i domstollova § 218 andre ledd nr. 3 første punktum og § 231 femte ledd.


Løyver, autorisasjonar og erklæringar

Det vart i 2025 gitt 711 advokatløyve til førstegangssøkarar, 438 til kvinner og 273 til menn. Tilsvarande tal for 2024 var 634 advokatløyve, 399 til kvinner og 235 til menn. 3 av søknadane vart handsama av Advokattilsynets styre. 21 søknadar vart avslått.



Det vart i 2025 gitt 259 løyve etter forenkla søknadsprosess i saker kor søker tidlegare har hatt advokatløyve som ikkje er kalla tilbake eller suspendert.

I 2025 vart 826 personar autorisert som advokatfullmektig, 512 kvinner og 314 menn.



Det vart gitt 47 erklæringar til advokatar som skulle avlegge prøve for Høgsterett, 34 til menn og 13 til kvinner.

To personar vart registrert som EØS-advokatar etter advokatlova § 8 jf. advokatforskrifta § 66, og eit løyve vart gitt til anna person med utanlandsk advokatløyve, jf. advokatforskrifta § 67.

Innsending av eigenerklæring med revisorfråsegn og betaling av bidrag

I 2025 fekk Advokattilsynet 2043 eigenerklæringar med revisorfråsegn frå advokatar som er rekneskaps- og revisjonspliktige.

Advokattilsynet sendte i 2025 ut til saman 25 krav om tilleggsbidrag til advokatar, som følgje av fristoversitting for betaling av bidrag. Tal på dette i 2024 og 2023 var høvesvis 430 og 776. Den store nedgangen i talet på purringar skuldast delvis at det tidlegare også vart sendt krav om tilleggsbidrag ved forseinka innsending av eigenerklæring med revisorfråsegn og årsrekneskap, og ikkje berre ved manglande betaling av bidraget. I tillegg har endra prosessar ved utsending av bidragsfaktura gitt stor effekt.

Tilsyn, reaksjonar og sanksjonar

Stadlege tilsyn

Det vart beslutta å gjennomføre fire nye stadlege tilsyn i 2025. Det er tidlegare i årsrapporten nærare gjort greie for bakgrunnen for at det vart beslutta færre stadlege tilsyn i 2025. Advokattilsynet har i 2025 sluttført og arbeida vidare med ei rekkje pågåande tilsyn, under dette Ousdal-saka.

Reaksjonar, pålegg og refusjon

Advokattilsynet har i 2025 gitt 47 pålegg om å rette opp kritikkverdige forhold. I tillegg er ni advokatføretak blitt pålagt å refundere Advokattilsynets utgifter til forvaltar eller revisjonskostnadar tilsynet har hatt i samband med stadlege tilsyn.

Tilbakekall av advokatløyve

Advokattilsynet har i 2025 treft vedtak om tilbakekall av sju advokatløyve.

Tre av tilbakekallsvedtaka er klaga inn til Advokatnemnda. Eitt av vedtaka er omgjort av nemnda. Dei to andre klagesakene er ikkje avgjorde.

Advokattilsynet har i fleire saker ikkje funne det nødvendig å treffe vedtak om tilbakekall, då advokaten undervegs i prosessen sjølv har valt å melde opphøyr av advokatverksemda. Det følgjer av advokatlova at advokatløyvet fell vekk når det blir meldt opphøyr av advokatverksemda. Dette er ei endring frå tidlegare rettstilstand.

Denne endringa gjer at det ikkje på same måte som tidlegare er nødvendig å fatte vedtak om tilbakekall, sidan dei kritikkverdige handlingane uansett vil bli vurderte av Advokattilsynet ved ein eventuell seinare søknad om nytt advokatløyve.

Ingen advokatløyve vart suspenderte i 2025.

Søknadar etter tidlegare tilbakekall eller suspensjon

Advokattilsynet har behandla 16 søknadar om ny advokatløyve frå personar som tidlegare har fått kalla tilbake ti sitt advokatløyve. Ein søknad vart innvilga.

15 av søknadane vart avslått. Åtte av avslagsvedtaka er påklaga til Advokatnemnda, kor nemnda så langt har gitt ein klagar medhald og fasthalde seks vedtak om tilbakekall.

Advokattilsynet har avslått to søknadar frå personar som tidlegare har fått suspendert advokatløyvet. Eitt av avslaga vart klaga inn til Advokatnemnda som oppretthaldt tilsynets avslag.

Vedtak om forbod om å yte rettshjelp

Advokattilsynet har nedlagt fire forbod mot at personar yter rettsleg bistand. Samtlege saker er klaga inn til Advokatnemnda. To av klagesakene er oppheva av nemnda, dei andre er ikkje avgjort.

Søknad om å oppheve forbod mot å yte rettshjelp

Det er handsama sju søknadar om å oppheve tidlegare vedtak om forbod om å yte rettshjelp. To av søknadane vart innvilga. Tre av avslaga er påklaga, kor tilsynets avslag vart oppretthalde i to av dei. Ein av klagesakene er førebels ikkje avgjort.

Melding om straffbare forhold

Advokattilsynet har politimeldt to advokatar for mogleg straffbare forhold i 2025.

Innrapportering av revisor til Finanstilsynet

Advokattilsynet har innrapportert to revisorar til Finanstilsynet i 2025.

Forvaltar

Advokattilsynet har til ei kvar tid fleire advokatar oppnemnd som forvaltarar etter advokatlova § 46. Forvaltaren skal forvalte eller avvikle advokatverksemda etter bortfall, tilbakekall eller suspensjon av advokatens løyve, eller der advokaten av andre årsaker ikkje kan ivareta advokatverksemda på forsvarleg vis. Forvaltarordninga er meint å avverje skade eller tap for advokaten sine klientar, og har vist å vere svært viktig. I 2025 oppnemnde Advokattilsynet ti forvaltarar.

Advokattilsynet bruker mykje ressursar på oppnemning av forvaltarar og på å følgje opp forvaltaroppdrag. Det gir også vesentleg kostnader til ekstern bistand som blir henta inn i desse oppdraga.

Uavhengig av forvaltaroppnemning, skal Advokattilsynet sjå til at klientarkiv som ikkje elles blir lagra på ein trygg måte etter at ein advokat har avvikla verksemda, blir lagra på forsvarleg vis. Praktiske døme er ved dødsfall, kor advokaten sjølv har lagra klientarkivet etter avvikling av verksemda.

Godkjenning av utdanning og yrkeskvalifikasjonar frå utlandet

Advokattilsynet er godkjenningsorgan for personar som ønskjer å praktisere advokatyrket i Noreg. Dette gjeld både utanlandske advokatar som ønskjer å starte opp advokatverksemd på grunnlag av advokatløyve frå utlandet, og personar som søker om norsk advokatløyve frå utlandet. Advokattilsynet handsamar òg søknadar om autorisasjon som advokatfullmektig for personar med utdanning frå utlandet.

Juristtittelen har ved ikraftsetjinga av advokatlova blitt ein lovverna tittel i Noreg. Som ein konsekvens av dette er det innført ei ordning kor personar med juridisk utdanning frå utlandet kan søkje om godkjenning av yrkeskvalifikasjonane sine for å få rett til å bruke tittelen jurist.

Advokattilsynet fekk i 2025 både fleire søknadar og førespurnader frå personar med utanlandsk juridisk utdanning knytt til lovvernet av juristtittelen. Det har i 2025 vore stort saksomfang, og det er lagt ned tid på å greie ut regelverket, handsame søknadar og rettleie publikum om regelverket. Advokattilsynet vil vurdere moglegheita til å innføre gebyr for slik godkjenning.

Det er publisert oppdatert informasjon på nettsidene om godkjenning av utdanning og yrkeskvalifikasjonar frå utlandet, i tråd med det nye regelverket.

I 2025 fekk Advokattilsynet 153 søknadar om godkjenning til å nytte tittelen jurist på bakgrunn av utanlandsk juridisk utdanning. 105 av desse har fått godkjenning til å nytte tittelen jurist. Samtlege av desse søkerane har tatt utdanning i eit nordisk land. For personar med denne landbakgrunnen har det i 2025 ikkje blitt stilt krav om å gjennomføre skikkaheitsprøve, dersom at det vart søkt om godkjenning før 31. desember 2025. I tillegg har 14 personar med utdanning frå ein anna EØS-stat fått attest til å framstille seg for skikkaheitsprøve. Fem søkjarar har fått avslag på søknaden.

Dei andre sakene har anten blitt trekt, blitt avslutta på grunn av manglande dokumentasjon frå søkeren eller saka ligg framleis til handsaming.

Etterutdanning

Advokattilsynet har utarbeidd retningslinjer om etterutdanningskravet, som gjer greie for kravet i advokatforskrifta § 13 om etterutdanning for advokatar. I tillegg har Advokattilsynet godkjent kursarrangørar etter advokatforskrifta § 13 (3). Per 31. desember 2025 er 190 aktørar godkjent som kursarrangør.

I skjema for rekneskapsåret 2025 er det tatt inn eit eige punkt om advokatføretak sine rutinar for etterleving av etterutdanningskravet. Ved gjennomgang av egenerklæringsskjema vil Advokattilsynet kontrollere om advokatføretaket har system for å sjå til at advokatane oppfyller etterutdanningskravet.

På grunn av overgangsreglar skal advokatar først oppfylle krava til etterutdanning frå og med 1. januar 2028, og det er derfor ikkje aktuelt med tilsyn eller anna kontroll med advokatane før dette tidspunktet.

Domstolsbehandling

Det er ikkje reist søksmål mot Advokattilsynet i 2025.



Rettleiarar og informasjonstiltak

Det vart laga retningslinjer for avstemming av klientmiddel, retningslinjer om etterutdanningskravet og retningslinjer for praksiskravet ved søknad om advokatløyve.

Utvalde tal frå 2025-statistikken


Det skil 64 år mellom landets yngste og eldste advokat, som er hhv. 24 og 88 år.


Flest advokatar er 32, 35 eller 55 år. Fra 57 år ser vi en relativt bratt nedgang i talet på advokatar. Mellom 30 og 57 år er det akkurat no færrest 48 år gamle advokatar.



Når det gjeld geografisk plassering av verksemdar er av landets 10358 registrerte advokatpraksisar 57% lokalisert i Oslo, og berre 3,7% i landets tre nordligaste fylker. Vestlandet (Møre&Romsdal, Vestland og Rogaland) har 16% av landets advokatar.

Alle dei 14 største advokatføretaka held til i Oslo, og fleire har kontor også andre stader i Noreg. Det er over dobbelt så mange advokatar i landets største advokatfirma som det er i landets 10. største advokatfirma, 233 mot 113. Organisasjonsforma AS er mest populær for advokatføretak.





Dei 7 mest vanlege etternamna i Noreg er også samanfallande med dei 7 mest vanlege advokat-etternamna.

Vi kan dermed konkludere med at advokatar er som folk flest.

(<https://www.ssb.no/befolkning/navn/statistikk/navn>)

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Overordna vurdering

Advokattilsynet er eit uavhengig forvaltningsorgan, jf. advokatlova § 43 første ledd.

Føresegna sikrar Advokattilsynet ei særstilling ved å fråvike det alminnelege instruksjonsprinsippet i forvaltninga. Dette inneber at tilsynet ikkje kan instruerast av departementet i utøving av si myndigheit ved behandling av enkeltsaker eller i tilsynet si øvrige faglege verksemd.

Styret i Advokattilsynet har det overordna ansvaret for verksemda, og direktøren står for den daglege leiinga. Ansvarsforholdet mellom styret og administrasjonen er nedfelt i instruks og delegasjonar.

Tildelingsbrevet skildrar Advokattilsynet sitt samfunnsoppdrag, men set ikkje resultatmål for verksemda. Tildelingsbrevet gir ikkje ei uttømmande oversikt over oppgåvene Advokattilsynet skal utføre. Utover dei generelle prioriteringane og krava som er omtala i tildelingsbrevet, legg departementet til grunn at verksemda blir vidareført innanfor rammene som følgjer av økonomi- og verksemdsinstruksen til Advokattilsynet samt anna regelverk. Advokattilsynet sine oppgåver blir fastsette i ein overordna strategi og ei årleg plan for verksemda.

Internkontroll og risikostyring

Advokattilsynet har i det første driftsåret brukt mykje ressursar på å oppdatere og vidareutvikle verksemda sine prosedyrar og internkontroll innan økonomistyring, personvern og HMS. Tilsynet vil samanfatte dette arbeidet i ei overordna risikovurdering med eit tilhøyrande internkontrollsystem i 2026.

Økonomistyring og innkjøp

Advokattilsynet har grunntenestemodell hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Rekneskapen blir ført etter statleg rekneskapsstandard (SRS). Advokattilsynet har eigne attestasjons- og kontrollrutinar for behandling av rekningar og løn.

Advokattilsynet har innkjøps- og kontrollrutinar, og følgjer staten sine fellesavtalar på dei områda der slike finnes. Tilsynet sine etiske retningslinjer er førande for alle innkjøp. Det er ikkje avdekt vesentlege avvik i 2025.

Arbeidet med å motverke arbeidskriminalitet blir ivareteke gjennom våre interne prosessar, mellom anna i anbudsprosessar. Vi vurderer risikoen for arbeidskriminalitet som liten på vårt innkjøpsområde.

Advokatilsynet sin økonomi er ei vidareføring av økonomien til Tilsynsrådet for advokatverksemd. Tilsynsrådet sin økonomi var ikkje ein del av statsrekneskapen. Omlegginga til full statleg økonomi har vore arbeidskrevjande, og prosessen har avdekt mange uventa utfordringar. Det har derfor i perioden vore eit tett samarbeid mellom administrasjonen, DFØ og departementet for nødvendige avklaringar.

Advokatilsynet har avtale med Skatteetaten Innkrevjing om innkrevjing av alle tilsynet sine krav. Dette omfattar utsending og innkrevjing av lovpålagde bidrag og innkrevjing av uteståande refusjonskrav etter tilsynsbesøk og forvaltaroppdrag. Skatteetaten krev òg inn lovpålagde bidrag til Advokatnemnda på vegner av Advokatilsynet. Lovbrotsgebyr etter både advokatlova og kvitvaskingslova vil òg bli kravde inn av Skatteetaten Innkrevjing.

Tryggleiksstyring

Verksemda har i 2025 arbeidd med å implementere NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik som del av internkontrollen. IKT-tryggleik er forankra i verksemda si leiing og inngår i den årlege heilskaplege risikovurderinga. Det er etablert styringsstruktur, gjennomført risikovurderingar og implementert sentrale tekniske og organisatoriske sikringstiltak. Arbeidet blir vidareført i 2026, med særleg fokus på auka deteksjonsevne og øvingsaktivitet.

Nokre av dei konkrete tiltaka som er gjennomførte i 2025 er gjennomgang og revidering av internkontrollen, mellom anna betre rutinar for varsling og eskalering, strengare rolle- og tilgangsstyring, utvida bruk av fleirfaktorausentisering og betre overvaking av sikkerheitshendingar.

Riksrevisjonen

Advokatilsynet har hatt noko kontakt med Riksrevisjonen i samband med første års revisjon av verksemda.

Langsiktig utvikling, forbetring og effektivisering

Det blir arbeidd systematisk og kontinuerleg med å identifisere og setje i verk tiltak som kan gi betre og meir effektiv oppgåveløysing i arbeidet vårt.

I 2025 har Advokatilsynet og Advokatforeininga gjennomført eit digitaliseringssamarbeid knytt til oversending av advokatar sine lovpålagde tryggleiksstillingar.

Som ledd i arbeidet med effektivisering og betre informasjonsflyt er det etablert ei API-basert løysing for overføring av opplysningar om tryggleiksstillingar frå Advokatforeininga til Advokatilsynet. Løysinga gjer at nødvendige opplysningar no blir overførte strukturert og maskinelt, utan manuell behandling eller dobbeltregistrering.

I løpet av 2025 er det motteke om lag 4 000 tryggleiksstillingar gjennom den nye løysinga. Tiltaket har gitt betydelege ressursmessige gevinstar ved å

- redusere manuell registrering og saksbehandling
- minimere risiko for feil og manglar i overføringa
- sikre raskare oppdatering av tilsynet sine register
- styrkje sporing og kontroll

Digitaliseringa bidreg til meir effektiv forvaltning av tilsynsoppgåver og frigjer kapasitet til kjerneoppgåver innan kontroll og oppfølging. Samarbeidet mellom Advokattilsynet og Advokatforeininga blir vurdert som vellukka og illustrerer gevinsten av målretta samhandling og bruk av standardiserte digitale grensesnitt.

Det er sett i gang arbeid med gjennomgang av alle søknadsprosessane våre med tanke på innføring av digitale løysingar. Ei digital løysing for søknad om advokatløyve vil bli lansert våren 2026.

Advokattilsynet har i 2025 vurdert både bruksområde og løysingar for bruk av kunstig intelligens (KI) i verksemda. Ved ei eventuell innføring av KI-løysingar tilpassa verksemda sine behov vil sikre løysingar innanfor rammene av personvernregelverket vere avgjerande. Tilsynet vil i 2026 vurdere dette nærare.

Klimautslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Advokattilsynet sine lokale i Rådhusgata 23 ligg sentralt plasserte, og bygningen er miljøsertifisert av gårdeigar etter Breeam International med miljøstandarden Very Good. Gårdeigar arbeider systematisk med forbetringar innan energi, transport, vatn, ressursar, robustheit, areal og økologi samt forureining. Gårdeigar sine fokusområde framover vil vere energibruk og kjeldesortering, mellom anna ved å optimalisere tekniske anlegg, redusere energibruken i kontorlokala og auke sorteringsgraden av avfall.

Advokattilsynet innførte full kjeldesortering i 2025. Bygget er flaumrisikovurdert, og det er gjort vurderingar av korleis bygget er tilpassa framtidige klimaendringar. Det er lagt til rette for bruk av sykkel.

Tilsetjing av personar med nedsett funksjonsevne og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Advokattilsynet har ingen tilsette med funksjonsnedsetjing. Ved utlysing av nye stillingar blir personar med funksjonsnedsetjing eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring oppmoda om å søkje stillinga. Vi fekk ingen søknader der eit slikt forhold vart framsett i 2025.

Klager til Sivilombodet

Sivilombodet er eit organ oppnemnd av Stortinget for å hindre at forvaltninga gjer urett mot den enkelte. Mellom anna kan ombodet kontrollere om forvaltninga sine avgjerder er rett og om saksbehandlinga har vore forsvarleg.

Advokattilsynet har ikkje motteke førespurnader frå Sivilombodet i samband med klagesaker i 2025.

Konsulentbruk

Advokattilsynet nytta ikkje konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen. I 2025 kjøpte Advokattilsynet spesialiserte konsulenttenester innan IT, hovudsakleg knytt til utvikling av fagsystemet vårt. Det vart nytta eit eksternt rekrutteringsbyrå ved tilsetjing av ny direktør. Det vart òg kjøpt noko advokatbistand. Det vil ikkje vere føremålstenleg å tilsetje eigne ressursar innanfor dei ulike områda der Advokattilsynet treng tilpassa IT-bistand.

Lærlingar og studentar

Advokattilsynet har i 2025 vore i ein omstillingsprosess. Det har derfor ikkje vore rom for å gi tilbod om praksisplass eller lærlingeplass.

Sjukefråvær

Sjukefråværet var på 2,54 prosent i 2025. Dette er ein nedgang frå 2024, då sjukefråværet var på 5,02 prosent.

FRAMTIDSUTSIKTER OG MÅL

Interne forhold

Advokattilsynet har redusert saksbehandlingstida for autorisasjon av advokatfullmektigar og godkjenning av advokatløyve, og vil prioritere ytterlegare reduksjon. Vi vil arbeide med å identifisere og sette i verk tiltak som kan forbetre, effektivisere og digitalisere tilsynsmetodar, arbeidsprosessar og saksbehandlingsrutinar. Eit prioritert felt er digitalisering av søknadsprosessar tilsynet handterer.

Det har vore ein mindre nedgang i talet på gjennomførte tilsyn i 2025, hovudsakleg grunna omlegginga etter ny lov. Framover er det høgt prioritert å gjennomføre fleire tilsyn med eigne ressursar. Tilsyna skal vere risikobaserte, med grunnlag i eiga risikomatrise eller meir situasjonsbaserte risikofaktorar. Vi ser at tilsyn og bokettersyn, og ofte også enkeltsaker, blir større og meir komplekse. Saker med lovbrotsgebyr vil ha stor effekt, men krev omfattande oppfølging, særleg ved klage og rettsprosessar.

Informasjonsarbeidet har vore omfattande i 2025, særleg individuell rettleiing knytt til ny lov. Framover vil tilsynet prioritere tiltak som når fleire samstundes, for meir effektiv ressursbruk. Dette omfattar kurs og opplæring, vidareutvikling av rettleiarar og informasjonsskriv, samt betre og meir tilgjengelege nettsider.

Under nemner vi utviklingstrekk i bransjen, lovgeving og samfunnet elles, som både gir moglegheiter og nye risikofaktorar. Dette vil påverke tilsynets produksjon, arbeidsverktøy, metodikk, prioriteringar, strategi og organisering.

Moglegheiter og utfordringar med advokatlova

Den nye advokatlova har medført fleire endringar. Vi trekk frem fire forhold vi meiner er viktige.

Lova opnar no for at Advokattilsynet sjølv kan **gjennomføre tilsyn** hos advokatføretak. Tilsynsarbeidet skal no i hovudsak internaliserast, slik at dei fleste tilsyn blir utførte med eigne ressursar. Dette gir betre kontroll over prosessen, tettare dialog og betre framdrift. Her ligg òg potensial for meir målretta tematisyn og meir effektiv gjennomføring av større saker.

Konsekvensane av at **rettsrådsmonopolet** vart oppheva vart før ikraftsetjing vurdert som usikre. Så langt er det registrert mindre endringar, men konsekvensane kan bli tydelegare over tid når nye aktørar etablerer seg. Utviklinga kan gi større mangfald og breiare tilbod, men òg auka behov for tilsyn og klargjering av grensene mellom regulert og uregulert verksemd. Rettstryggleik, kvalitet og forbrukarvern må følgjast nøye, særleg for brukarar utan juridisk kompetanse. Sidan tilsyn med «ikkje-advokatar» ikkje ligg hos Advokattilsynet vil samarbeid med relevante aktørar bli viktig her.

Advokatlova har ikkje eigne **krav til internkontroll** i advokatføretaka. Manglande formelle strukturar kan auke risikoen for svikt i etterlevinga, mellom anna når det gjeld klientmidlar, teieplikt, interessekonfliktar, kvitvaskingsregelverket og høve til å avdekke trulause tenarar. For tilsynet kan dette gjere kontroll meir krevjande, fordi verksemdene i mindre grad har dokumenterbare system. Dette peikar mot behov for større merksemd om internkontroll som verkemiddel for kvalitet, etterleving og tillit.

Med advokatlova skal **styret** ha fem medlemmar, mot tidlegare tre. Medlemmene er oppnemnd frå ulike fagmiljø, i tillegg til departementet, noko som skal ivareta tilsynets uavhengigheit frå staten. Samstundes er advokatane i mindretal i styret for å unngå kritikk om at advokatar skulle ønske å beskytte sine eigne - noko som kunne svekke tilliten utad til tilsynet. Samansetninga skal sikre breie innspel, god forankring i sivilsamfunnet og styrkje legitimiteten til avgjerdene og tilliten til Advokattilsynet.

Utviklingstrekk i bransjen

Utviklinga i talet på advokatfullmektigar, advokatar og advokatføretak viser berre mindre endringar. Tendensane er førebels svake, og gir ikkje grunnlag for sikre konklusjonar om retning eller store strukturelle skifte i bransjen.

Innsynet i advokaten si leveranse er avgrensa, som ein nødvendig konsekvens av retten til konfidensiell bistand. Samstundes kan manglande transparens om kvalitet og pris gjere det vanskeleg for forbrukarar å orientere seg i marknaden. Kva ein kan vente av kvalitet, og kva som er ein rimeleg pris, kan vere vanskeleg å få klarlagt. Dette opnar for nye forretningsmodellar som søker å skape meir føreseielege rammer, til dømes advokatforsikring, fastprisavtalar, digitale formidlingsplattformer og abonnementsordningar.

For forbrukarane er dette i hovudsak positivt. Frå tilsynets perspektiv kan utviklinga reise spørsmål om advokaten si uavhengigheit, særleg der andre enn klienten kan påverke val av advokat, prioriteringar eller omfanget av arbeidet. Dette kan skape lojalitetskonfliktar og eit press på advokaten si faglege vurdering og rolle som uavhengig rådgivar.

Uavhengigheit kan òg utfordrast i meir tradisjonell advokatdrift, til dømes der ein klient står for ein stor del av omsetninga, ved nære personlege eller økonomiske relasjonar, eller ved oppdrag med motstridande interesser. Slike spørsmål er regulerte i Reglar for god advokatskikk og blir handterte av Advokatnemnda i klageordninga. Det er likevel eit utviklingstrekk Advokattilsynet vil følgje med på. Manglande uavhengigheit kan peike på systematiske svakheiter i organisering og internkontroll, og reise spørsmål om skikkaheit og forsvarleg verksemd.

Risikobilete for offentleg finansiert advokatbistand

Erfaringar frå Sverige¹ viser korleis tillitsbaserte ordningar for offentleg finansiert advokatbistand kan vere sårbare for misbruk, og at kontroll med salær og oppdragsutføring er vanskeleg og

¹ [1] <https://www.regeringen.se/contentassets/b1e6cc2003bc4c98af1b1bc484bb9ada/sou-2025111-rattssakerhetens-pris.pdf>

ressurskrevjande. Vurderingar av tidsbruk, behov, effektivitet og kvalitet let seg berre i avgrensa grad etterprøve, noko som gjer at systemet i stor grad føreset høg etterleving frå advokatane.

Avvik kan svekkje tilliten til ordninga. Tvil om bruken av midlar kan føre til strengare kontroll og redusert handlingsrom, noko som kan gå ut over brukarane si tilgang til rettshjelp. Samstundes rammar det dei advokatane som følgjer regelverket, ved at tilliten til profesjonen blir svekt og rammevilkåra skjerpa.

Dei strukturelle føresetnadene er i stor grad samanfallande i Noreg. Sjølv om det ikkje er grunnlag for å anta at tilstanden er lik i Noreg, er det naivt å tru at systematisk og alvorleg misbruk av dei tillitsbaserte ordningane ikkje kan utvikle seg her.

Teknologisk utvikling og tilsyn

Rask teknologisk utvikling, særleg innan kunstig intelligens (KI), påverkar også advokatbransjen. Behovet for juridisk kompetanse blir neppe mindre, men rolla som advokat og kompetansekrava kan endre seg. Tilgang på verktøy for analyse og rettskjelder for både klientane og advokatane tilseier at advokatens rolle som kvalitetssikrar og ansvarleg for råd blir enda viktigare.

For tilsynet reiser utviklinga fleire spørsmål. KI kan gi effektivitetsgevinstar, men krev òg forsvarleg bruk og god kontroll. Advokaten har framleis fullt ansvar for arbeidet som blir levert, uavhengig av teknologien som er nytta.

Bruk av eksterne løysingar reiser spørsmål om teieplikt, personvern, informasjonstryggleik og uavhengigheit.

Advokatar si rolle i møte med økonomisk kriminalitet

Dei siste trusselvurderingane frå Økokrim og Politiet viser at økonomisk kriminalitet er blitt meir profesjonalisert, teknologisk avansert og integrert i den lovlege økonomien.

Kriminelle nettverk nyttar tilsynelatande legitime strukturar, komplekse selskapsoppsett og grensekryssande transaksjonar. Advokatar har ei sentral og legitim rolle i dette landskapet, men kan samstundes utgjere ei sårbarheit som blir utnytta. Medverknad frå advokat kan gi transaksjonar eit preg av å vere lovleg og seriøs. Bruk av advokat reduserer mistanke hos bankar, styresmakter og forretningspartnarar.

Aukande bruk av grensekryssande strukturar og alternative finansielle løysingar viskar ut skiljet mellom lovleg og kriminell økonomi. Advokatar med internasjonal kompetanse og bruk av klientkonto kan difor risikere å bli involverte i opplegg som seinare viser seg å ha kriminelt føremål. Dette tilseier at Advokattilsynet i større grad må tilpasse opplæring og anna oppfølging retta mot desse advokatane i framtida.

Advokatar i Noreg er samstundes berarar av grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp. Dei har brei kompetanse og bistår klientar med etablering av selskap, gjennomføring av transaksjonar,

eigedomsdisposisjonar, strukturering av verksemd og handtering av tvistar. Dei har teieplikt, uavhengig stilling og ei særskild rolle i rettsstaten.

Det kan bli ei utfordring for rettsstaten dersom advokatar let vere å bistå enkelte grupper fordi dei ikkje vil risikere å måtte rapportere forhold knyt til eigen klient.

Det låge talet på meldingar om mistenkjelege forhold kan skuldast både manglande risikoforståing og at høgrisikoklientar blir avviste. Begge delar er problematiske. Advokattilsynet vil difor setje i verk målretta tiltak for å auke talet på meldingar.

Innføringa av EUs nye anti-kvitvaskingspakke gjennom EØS-avtalen, med nytt overnasjonalt tilsynsorgan (AMLA), vil indirekte påverke tilsynet med norske advokatføretak ved at tilsynsmaktene tek i bruk metodikk, verktøy og rettleiingar derifrå. Det vil gi meir einsarta krav og høgare forventningar til etterleving. Dette vil påverke metodikk, organisering og gjennomføring av tilsyn.

Arbeidsgruppa sin rapport, som vart send på høyring i januar 2026, lèt det stå ope om AML-tilsynet med advokatar bør overførast til eit nytt organ med samla ansvar for alt tilsyn på området. Advokattilsynet meiner det er viktig å vere merksam på at kvitvaskingsregelverket i dag er heilt sentralt for å kunne reagere mot advokatar som medvite lèt tenestene sine bli misbrukte til kvitvaskingsføremål. Tilbakekall av løyve er eit viktig kriminalitetsførebyggjande verkemiddel, og denne effekten kan bli svekt dersom tilsynsansvaret blir flytta ut av Advokattilsynet. Gjennom lovfestinga av advokatlova og reguleringa av advokatar si teieplikt har Advokattilsynet høve til innsyn i opplysningar som elles er underlagde teieplikt hos advokaten. Samstundes trer Advokattilsynet inn i advokaten si strenge teieplikt, med tilhøyrande bevisforbod. Denne tilgangen, kombinert med særleg bransjekunnskap, gir best effekt dersom tilsynsansvaret framleis ligg hos Advokattilsynet.

ÅRSREKNESKAP

Leiinga sine kommentarar for årsrekneskap 2025

Formål

Advokattilsynet er eit uavhengig forvaltningsorgan tilknytt Justis- og beredskapsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt etter fråsegner om økonomistyring i staten, Finansdepartementets rundskriv og krav frå Justis- og beredskapsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Advokattilsynet er ei bruttobudsjettert verksemd, og rekneskapen for 2025 er ført etter verksemdsrekneskap avlagt etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Dette er første året vi leverer etter SRS.

Vurdering

Rekneskapen gir etter vår vurdering eit dekkjande bilde av disponible løyver, rekneskapsførte utgifter og balansepostar.

I 2025 har Advokattilsynet disponert tildeling på kr 77 176 000 under kap. 0461 post 01. I tillegg har Advokattilsynet tildeling på kr 16 000 000 under kap. 0461 post 21

Advokattilsynet har i 2025 hatt driftsinntekter på kr 1 214 279 på kapittel 3461 post 01. I tillegg har Advokattilsynet driftsinntekter på kr 18 021 651 på inntektskapittel 3461 post 02.

Samla driftsutgift på kapittel 0461 post 01 er kr 76 311 883. Advokattilsynet hadde ei mindregift på 864 117 kroner samanlikna med løyvinga. Dette gir ein utnyttingsgrad på 99 prosent av tildelinga. Advokattilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevingssentral belastningsfullmakt på kapittel 3461 post 01 på kr 74 531 449. I tillegg har Advokattilsynet hatt inntekter frå refusjonskrav på kr 1 214 279, noko som medfører eit avvik frå tildeling på kr 754 272. Netto ubrukt løyve på kr 109 845 er søkt overført til 2026. Tildelinga på kapittel 0461 post 21 på kr 16 000 000 er ikkje nytta i 2025.

Utbetaling til lønn har auka med kr 5 782 000 fra fjoråret. Av dette utgjør kr 1 500 000 auka kostandar til styret. Dei resterande kr. 4 282 000 skuldast, i tillegg til ordinær lønnsauke, fleire tilsette. Kostandar til drift inkluderar overføringar til Advokatnemnda med kr 28 885 000. Vidare inneheld samanlikningstal for 2024 meirverdiavgift, noko som ikkje er med i tala for 2025. Rapportert avrekna mot statskassen utgjør kr – 1 970 204 per. 31.12.2025.

Note 10A og B viser kva eigedelar og gjeld er som del av mellomvære med statskassa.

Riksrevisjonen er ekstern revisor for Advokattilsynet. Revisjonsmelding antas å vere klar i løpet av 2. kvartal 2026, og blir publisert på verksemda sine nettsider saman med årsrekneskapen når den er klar.

Oslo, 13. mars 2026



Tonje Hovde Skjelbostad

Prinsippnote til løyvings- og artsrapporteringa

Advokattilsynet (tidlegare Tilsynsrådet for advokatverksemd) avla rekneskap i samsvar med rekneskapslova av 1998 til og med rekneskapsåret 2024. Med verknad frå 1.1.2025 er rekneskapen, inkludert årsrekneskapen for 2025, utarbeidd og avlagd etter retningsliner fastsette i punkt 3.4 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten* (bestemmelsane) og krav i *rundskriv R-115 Utarbeidelse og avleggelse av statlige virksomheters årsregnskap* fastsett av Finansdepartementet, samt tilleggskrav fastsette av Justis- og beredskapsdepartementet.

Advokattilsynet viser også til eigen prinsippnote for rekneskap ført i tråd med statlege rekneskapsstandardar (SRS).

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Advokattilsynet er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgang til nytt år blir saldoen på den einskilde oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Advokattilsynet blir finansiert av advokatane, hovudsakleg gjennom gebyr, refusjonskrav frå bokettersyn og forvaltarordninga. Løyvinga til dekning av Advokattilsynet sine utgifter svarer til inntektskravet.

Løyvingsrapporteringa med notar viser kva løyvingar Advokattilsynet har hatt til disposisjon. Ho viser vidare kva rekneskapstal Advokattilsynet har rapportert til statsrekneskapen.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingssentral (SI) har fått belastningsfullmakt på kapittel 3461 post 01, sidan dei krev inn gebyra frå advokatane. SI inntektsfører gebyra i sitt verksemdsrekneskap som inntekter kravde inn på vegner av andre. Rapporteringa frå SI går fram av kolonnen «Postert på avgitte belastningsfullmakter». Det reelle avviket mellom løyving og rekneskap går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Dei avgitte fullmaktene går fram av note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal frå Advokattilsynet si rapportering til statsrekneskapen etter standard kontoplan, med samanlikningstal for 2024. Samanlikningstala er baserte på tal frå rekneskapen for 2024, som vart avlagd i samsvar med rekneskapslova. Samanlikningstala er ikkje omarbeidde.

Advokattilsynet fekk nye oppgåver frå 1.1.2025. Dette har ført til at innkrevjing av midlar, samt overføring av dei same midlane til Advokatnemnda, er bruttoført i rekneskapen for 2025. Tilsvarende vart overføringer til disiplinærnemnda i 2024 nettoførte i rekneskapen. Vidare er tala for 2025 førte etter frådrag for inngåande meirverdiavgift, medan det ikkje vart gjort tilsvarende frådrag i 2024.

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for Advokattilsynet.

Den nedre delen viser egedelar og gjeld som inngår i mellomveret med statskassa.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2025

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling for 2025	Regnskap per 31.12.2025	Merutgift (-) og mindreutgift	Postert på avgitte belastnings- fullmakter	Avvik fra tildeling
0461	Advokattilsynet	01	Driftsutgifter, kan nyttes under 21	A, B	77 176 000	76 311 883	864 117		
0461	Advokattilsynet	21	Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under post 01	A, B	16 000 000		16 000 000		
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Driftsutgifter, overslagsbevilgning		0	4 692 666			
Sum utgiftsført					93 176 000	81 004 549			

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling for 2025*	Regnskap per 31.12.2025	Merinntekt og mindreinntekt(-)	Postert på avgitte belastnings- fullmakter**	Avvik fra tildeling
3461	Advokattilsynet	01	Bidrag fra advokater og forvalterordning	76 500 000	1 214 279	-75 285 721	74 531 449	-754 272
3461	Advokattilsynet	02	Diverse inntekter	16 000 000	18 021 651	2 021 651		
	Tilfeldige inntekter			0	0			
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift	0	2 853 654			
Sum inntektsført					92 500 000	22 089 584		

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet 58 914 965

Kapitalkontoer

60096001	Norges Bank KK /innbetalinger	19 487 879
60096002	Norges Bank KK/utbetalinger	-76 409 292
704494	Endring i mellomværende med statskassen	-1 993 552
Sum rapportert		0

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet

		31.12.2025	01.01.2025	Endring
704494	Mellomværende med statskassen	-1 970 204	23 348	-1 993 552

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0461 01 Driftsutgifter, kan benyttes under post 21		77 176	77 176
0461 21 Særskilte driftsutgifter, kan overføres, kan benyttes under post 01		16 000	16 000
3461 01 Bidrag fra advokatar og forvaltarordning		76 500	76 500
3461 02 Diverse inntekter		16 000	16 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
046101 / 346101		-74 421 604	-74 421 604	74 531 449	109 845	3 858 800	109 845
046121 / 346102	"Kan overføres"	18 021 651	18 021 651		18 021 651	18 021 651	18 021 651

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Avgitte belastningsfullmakter (inntekter regnskapsført av andre)

Advokattilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkreivingsentral belastningsfullmakt på kapittel 3461 post 01.

Stikkordet «kan overføres»

Bevilgning til Advokattilsynet på post 21 er tildelt med stikkordet «kan overføres». Bevilgningen på post 02 omfatter Advokattilsynets likviditetsbeholdning ved overgangen til å avlegge regnskap som bruttobudsjetterte regnskap fra og med 1.1.2025. I oppstartsåret er likviditetsbeholdningen ført på denne posten.

For poster med stikkordet «kan overføres» kan summen av de i siste to åra sine bevilgning for postene overføres til neste budsjettår.

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Advokattilsynet har fått delegert merinntektsfullmakt, jf. Innst. 6 S (2024–2025) romertallsvedtak II

Advokattilsynet kan overskride bevilgningen under kap. 461, post 01 mot tilsvarende merinntekter under kap. 3461, post 01 og kap. 461, post 21 mot tilsvarende merinntekter under kap. 3461, post 02.

Mulig overførbart beløp

Mindre utgifter på post 01 er beregnet til 109 845 kroner. Beløpet er under grensen for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og hele beløpet blir regnet som mogleg å overføre til 2026.

Merinntekt på kap 3461, post 02 utgjør 18 021 651 kroner. Beløpet kan overføres i sin helhet til bruk i 2026 og 2027.

Note C Oversikt over binding på framtidige års bevilgninger

Avtaler om leie av kontorlokaler

Gjenværende varighet per 31.12.	Årlig leiebeløp	Av neste års bevilgning	Av senere års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgninger
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1-5 år	3 006 084	3 006 084	12 024 336	15 030 420
Varighet over 5 år				0
Totalt	3 006 084	3 006 084	12 024 336	15 030 420

Andre vesentlige leieavtaler*

Gjenværende varighet per 31.12.	Årlig leiebeløp	Av neste års bevilgning	Av senere års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgninger
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1-5 år	43 310	43 310	86 620	129 930
Varighet over 5 år				0
Totalt	43 310	43 310	86 620	129 930

Vesentlige avtaler om kjøp av tjenester

Gjenværende varighet per 31.12.	Årlig beløp	Av neste års bevilgning	Av senere års bevilgning	Samlet binding på framtidige års bevilgninger
Varighet inntil 1 år				0
Varighet 1-5 år				0
Varighet over 5 år				0
Totalt	0	0	0	0

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2025

	2025	2024
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Innbetalinger fra gebyrer	2 357 098	47 121 712
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	16 342 991	0
Salgs- og leieinnbetalinger	0	0
Andre innbetalinger	443 218	603 496
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>	<i>19 143 307</i>	<i>47 725 208</i>
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Utbetalinger til lønn	23 519 437	17 737 655
Andre utbetalinger til drift	51 589 466	22 648 483
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	<i>75 108 902</i>	<i>40 386 138</i>
Netto rapporterte driftsutgifter	55 965 595	-7 339 070
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Innbetaling av finansinntekter	92 622	70 790
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	<i>92 622</i>	<i>70 790</i>
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet		
Utbetaling til investeringer	1 202 981	2 815 349
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	<i>1 202 981</i>	<i>2 815 349</i>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	1 110 358	2 744 559
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler		
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	2 853 654	0
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	4 692 666	0
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>	<i>1 839 012</i>	<i>0</i>
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet	58 914 965	-4 594 511
Oversikt over mellomværende med statskassen		
	31.12.2025	01.01.2025
Eiendeler og gjeld		
Fordringer på ansatte	0	7 290
Kontanter	2 673	2 673
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	13 385
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-993 553	0
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-979 324	0
Sum mellomværende med statskassen	-1 970 204	23 348
<i>Advokattilsynet hadde ikke mellomværende med statskassen pr 31.12.2024</i>		

Rekneskapsprinsipp for bruttobudsjetterte verksemder – rekneskap for veksemda avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Advokattilsynet (tidlegare Tilsynsrådet for advokatverksemd) avla rekneskap i samsvar med rekneskapslova av 1998 til og med rekneskapsåret 2024 (NGAAP). Verksemda sin rekneskap for 2025 er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Overgangen frå NGAAP til SRS fell saman med ikraftsetjinga av advokatlova. Balanseførte eigedelar og plikter er vidareførte til bokførte verdiar i samband med overgangen. Ved overgang til bruttobudsjettert verksemd er nettoverdien av balanseførte eigedelar og plikter klassifisert som avrekna med statskassa, tidlegare eigenkapital.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er tent opp. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet, når risiko og kontroll er overførte til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene oppstår (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir rekna som differansen mellom periodens kostnader og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ei følge av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er nytta.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsplikter for ordningar i Statens pensjonskasse (SPK). Verksemda resultatfører arbeidsgjevardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Advokattilsynet betaler ein verksemdsspesifikk, hendingbasert arbeidsgjevardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, inneber at ho blir berekna ut frå tilhøva i den enkelte verksemda, ikkje for grupper av verksemder samla. At ho er hendingbasert, inneber at ho tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsmassen i Advokattilsynet, slik at premiereserven er ajour i høve til medlemmen si opptening. Dei tilsette sin medlemsdel utgjer to prosent av lønsgrunnlaget.

Advokattilsynet har plikter knytte til ein tidlegare leiar som kompensasjon for bortfall av pensjonsopptening. Denne plikta er aktuarberekna, og netto pensjonsplikter finansierte over drifta blir balanseførte som langsiktig plikt.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar er varige og vesentlege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Med vesentlege eigedelar meiner ein eigedelar med anskaffingskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmidlar er balanseførte til anskaffingskost, fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm, med utnyttbar levetid på tre år eller meir, er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter knytte til bruk av eigne tilsette i applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare er balanseførte.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som har betalingsfrist innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar eller langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande verdi, etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane.

Staten sin kapital

Staten sin kapital utgjer nettobeløpet av verksemda sine eigedelar og gjeld, og går fram av rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja «avrekna med statskassa».

Samanlikningstal for 2024

Som følgje av overgangen frå NGAAP til bruttobudsjetterte SRS er rekneskapskala for 2024 og per 31.12.2024 omarbeidde for å sikre best mogleg samanlikning med førre året.

Langsiktige pensjonsplikter vart presenterte som kortsiktig gjeld i årsrekneskapen for 2024.

Advokattilsynet krev inn bidrag frå advokatane i landet knytte til eiga verksemd og til Advokatnemnda. Beløp som Advokattilsynet krev inn for Advokatnemnda, er rekneskapsførte brutto. Det tidlegare Tilsynsrådet for advokatverksemd kravde inn og vidareformidla bidrag til Disiplinærnemnda. Bidraget til Disiplinærnemnda er presentert netto i samanlikningstala.

Tala i rekneskapsoppstillinga for 2025 er presenterte utan kostnader til meirverdiavgift som følgje av den statlege nettoføringsordninga. Tala for 2024 er presenterte inkludert meirverdiavgift.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er difor ikkje inkludert postar i balansen eller resultatrekneskapen som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller plikter.

Staten si konsernkontoordning

Statlege verksemdar er omfatta av staten si konsernkontoordning. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Verksemda får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har trekkrett på sin konsernkonto. For bruttobudsjetterte verksemdar blir saldoen på den einskilde oppgjerskontoen i Noregs Bank nullstilt ved overgang til nytt rekneskapsår.

Resultatregnskapet

	Note	2025	2024
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	72 791 989	0
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Inntekt fra gebyrer	1	1 856 430	47 121 712
Salgs- og leieinntekter	1	1 406 351	0
Andre driftsinntekter	1	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>		<u>76 054 770</u>	<u>47 121 712</u>
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	23 959 315	17 737 654
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3, 4	1 046 143	1 217 849
Nedskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3, 4	0	0
Andre driftskostnader	5	51 141 935	22 648 484
<i>Sum driftskostnader</i>		<u>76 147 392</u>	<u>41 603 987</u>
Driftsresultat		<u>-92 622</u>	<u>5 517 725</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter		92 622	70 790
Finanskostnader		0	0
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		<u>92 622</u>	<u>70 790</u>
Resultat av periodens aktiviteter		<u>0</u>	<u>5 588 515</u>

Balance

	Note	2025	2024
Eiendeler			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	3	8 294 314	8 035 957
Immaterielle eiendeler under utførelse	3	0	0
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		<i>8 294 314</i>	<i>8 035 957</i>
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4	0	0
Maskiner og transportmidler	4	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	4	397 040	346 868
Anlegg under utførelse	4	0	0
Infrastruktureiendeler	4	0	0
<i>Sum varige driftsmidler</i>		<i>397 040</i>	<i>346 868</i>
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		0	0
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer		0	0
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
Sum anleggsmidler		8 691 354	8 382 825
B. Omløpsmidler			
I Beholdning av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell		0	0
<i>Sum beholdning av varer og driftsmateriell</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
II Fordringer			
Kundefordringer	6	2 838 742	3 277 899
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	7	1 406 351	373 499
Andre fordringer	8	469 983	959 882
<i>Sum fordringer</i>		<i>4 715 075</i>	<i>4 611 280</i>
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd	9	0	16 356 376
Kontanter og lignende	9	2 673	2 673
<i>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</i>		<i>2 673</i>	<i>16 359 049</i>
Sum omløpsmidler		4 717 748	20 970 329

Sum eiendeler drift	13 409 102	29 353 154
IV Fordringer vedrørende innkreivingsvirksomhet og andre overføringer		
Fordringer vedr. Innkreivingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0
<i>Sum fordringer vedr. innkreivingsvirksomhet og andre overføringer</i>	0	0
Sum eiendeler	13 409 102	29 353 154

a

Statens kapital og gjeld

		2025	2024
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapi tal		0	0
<i>Sum virksomhetskapi tal</i>		0	0
II Avregninger			
Avregnet med statskassen (bruttobudsjetterte) / Egenkapital	10	4 600 296	22 148 991
<i>Sum avregninger</i>		4 600 296	22 148 991
Sum statens kapital		4 600 296	22 148 991
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelse r			
Pensjonsforpliktelse r		2 226 544	2 377 844
<i>Sum avsetninger for langsiktige forpliktelse r</i>		2 226 544	2 377 844
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
<i>Sum annen langsiktig gjeld</i>		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		653 698	60 220
Skyldig skattetrekk		993 553	1 822
Skyldige offentlige avgifter		332 935	232 445
Avsatte feriepenge r		1 746 126	1 431 310
Mottatt forskuddsbetaling		0	0
Annen kortsiktig gjeld	11	2 855 951	3 100 523
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		6 582 263	4 826 320

Sum gjeld	<u>8 808 807</u>	<u>7 204 164</u>
Sum statens kapital og gjeld drift	<u>13 409 102</u>	<u>29 353 154</u>
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0
<i>Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum statens kapital og gjeld	<u>13 409 102</u>	<u>29 353 154</u>

Note 1 Driftsinntekter

	2025	2024
Inntekt fra bevilgninger		
Inntekt fra bevilgninger	72 791 989	0
Sum inntekt fra bevilgninger	72 791 989	0
Inntekt fra tilskudd og overføringer		
Tilskudd fra Norges forskningsråd	0	0
Tilskudd fra andre statlige virksomheter	0	0
Tilskudd fra EU	0	0
Andre tilskudd og overføringer	0	0
Sum inntekt fra tilskudd og overføringer	0	0
Inntekt fra gebyrer		
Mottatte bidrag fra advokater/rettshjelpere	283 741	42 277 800
Refusjonskrav bokettersyn	1 164 851	3 904 340
Refusjonskrav forvalterordning	407 838	939 572
Sum inntekt fra gebyrer	1 856 430	47 121 712
Salgs- og leieinntekter		
Salgsinntekt, avgiftspliktig	1 406 351	0
Salgsinntekt, avgiftsfri	0	0
Sum salgs- og leieinntekter	1 406 351	0
Andre driftsinntekter		
Sum andre driftsinntekter	0	0
Sum driftsinntekter	76 054 770	47 121 712

Note 2 Lønnskostnader, årsverk og andre ytelser

	2025	2024
Lønn	15 082 128	11 934 413
Feriepenger	1 813 145	1 431 309
Arbeidsgiveravgift	2 935 332	2 153 965
Pensjonskostnader	1 881 144	1 234 226
Lønn balanseført ved egenutvikling av anleggsmidler (-)	0	0
Sykepenger og andre refusjoner	-61 988	-263 186
Styre, råd og utvalg	1 951 411	894 136
Andre ytelser	358 143	352 791
Sum lønnskostnader	23 959 315	17 737 654
Antall utførte årsverk:	17,6	15,6
Lønn og andre ytelser til virksomhetsleder		
Dag Sethne Eriksen	1 494 170	1 421 127

Lønn og andre ytelser til styreleder og de enkelte medlemmer av styret

Anders Brosveet	607 530
Miriam Tvorg Johansen	337 561
Magnhild Pape Meringen	452 554
Knut Rye-Holmboe	144 200
Berte-Elen Reinertsen Konow	152 700

Styret i Tilsynsrådet for advokatvirksomhet 2024

Trine Buttingsrud Mathiesen	194 391
Helene Sundelin Johansen	140 333
Knut Rye-Holmboe	82 775

Premiesatsen for arbeidsgiverandelen utgjorde i 2025 12,2 prosent. For regnskapsåret 2024 utgjorde premiesatsen 12,4 prosent
Driftspensjon til tidligere leder utbetales med kompensasjon for bortfall av pensjonsopptjening fram til pensjonsalder 67 år.
Etter dette dekkes et mindre beløp årlig dette beløpet er livsvarig.

Note 3 Immaterielle eiendeler

	Programvare og lignende rettigheter	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	21 078 843	21 078 843
Tilgang i året	1 243 730	1 243 730
Avgang anskaffelseskost i året (-)	-12 098 838	-12 098 838
Fra immaterielle eiendeler under utførelse til annen gruppe i året	0	0
<i>Anskaffelseskost</i>	<i>10 223 735</i>	<i>10 223 735</i>
Akkumulerte nedskrivninger 01.01.	0	0
Nedskrivninger i året	0	0
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	13 042 886	13 042 886
Ordinære avskrivninger i året	985 373	985 373
Akkumulerte avskrivninger avgang i året (-)	-12 098 838	-12 098 838
Balanseført verdi 31.12.2025	8 294 314	8 294 314
Avskrivningstid	3-5 år	
Avskrivningsmetode	Lineært	
Avhendelse av immaterielle eiendeler i 2025:		
Salgssum ved avgang anleggsmidler	0	0
- Bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0
= Regnskapsmessig gevinst/tap	0	0

Note 4 Varige driftsmidler

	Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	3 598 612	3 598 612
Tilgang i året	110 942	110 942
Avgang anskaffelseskost i året (-)	-1 896 626	-1 896 626
Fra anlegg under utførelse til annen gruppe i året	0	0
<i>Anskaffelseskost</i>	<i>1 812 928</i>	<i>1 812 928</i>
Akkumulerte nedskrivninger 01.01	0	0
Nedskrivninger i året	0	0
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	3 251 744	3 251 744
Ordinære avskrivninger i året	60 770	60 770
Akkumulerte avskrivninger avgang i året (-)	-1 896 626	-1 896 626
Balanseført verdi 31.12.2025	397 040	397 040
Avskrivningstid	3-15 år	
Avskrivningmetode	Lineært	
Avhendelse av varige driftsmidler i 2025:		
Salgssum ved avgang anleggsmidler	0	0
- Bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0
= Regnskapsmessig gevinst/tap	0	0

Note 5 Andre driftskostnader

	2025	2024
Husleie	3 155 354	2 835 576
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	
Andre kostnader til drift av eiendom og lokaler	129 047	147 626
Leie maskiner, inventar og lignende	1 388 235	56 783
Mindre utstyrsanskaffelser	18 832	77 026
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	11 876	
Kjøp av konsulenttenester	257 798	
Kjøp av andre fremmede tenester	4 388 075	1 408 382
Kjøp av tenester ved bokettersyn	3 650 605	7 395 134
Kjøp av tenester ved forvalterordningen	6 772 914	4 340 000
Reiser og diett	357 168	103 783
Tap og lignende	-429 981	-383 914
Overføring til Advokatnemnda	29 169 586	
Øvrige driftskostnader	2 272 424	6 668 088
Sum andre driftskostnader	51 141 935	22 648 484

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leieavtaler

Gjenværende varighet	Type eiendel						Sum
	Immaterielle eiendeler	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Maskiner og transportmidler	Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	Infrastruktur-eiendeler		
Varighet inntil 1 år	3 903 528			29 116			3 932 644
Varighet 1-5 år		3 049 394		45 591			3 094 985
Varighet over 5 år							0
Kostnadsført leiebetaling for perioden	0	0	0	0	0		0

Advokattilsynet har inngått avtaler om bruk og utvikling av saksbehandlingssystemer med oppsigelsestid på mindre enn ett år. Disse avtalene har en årlig kostnad på kr 3.903.528.

Årlig husleiekostnad er kroner 3 006 084 inkl. felleskostnader og har en varighet på 5 år. I tillegg kommer avtale om leie av lagerlokale med årlig leiekostnad på kr 43 310.

Avtalen har en gjenværende levetid på 3 år.

Advokattilsynet leier kontorutstyr for en årlig leie på kr 74 706. Avtalenes varighet er inntil to år.

Note 6 Kundefordringer

	31.12.2025	31.12.2024
Kundefordringer til pålydende	2 838 742	3 277 899
Avsatt til forventet tap (-)	0	0
Sum kundefordringer	2 838 742	3 277 899

Note 7 Opptjente, ikke fakturerte inntekter / Mottatt forskuddsbetaling

	31.12.2025	31.12.2024
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	31.12.2025	31.12.2024
Opptjente, ikke fakturerte refusjonskrav, bokettersyn	388 877	329 942
Opptjente, ikke fakturerte refusjonskrav, forvalter	1 017 474	43 557
Sum opptjente, ikke fakturerte inntekter	1 406 351	373 499

Note 8 Andre kortsiktige fordringer

	31.12.2025	31.12.2024
Forskuddsbetalt lønn	0	7 290
Reiseforskudd	0	0
Personallån	0	0
Andre fordringer på ansatte	0	30
Forskuddsbetalte leie	413 904	0
Andre forskuddsbetalte kostnader	0	0
Andre fordringer	56 079	952 562
Sum andre kortsiktige fordringer	469 983	959 882

Note 9 Bankinnskudd, kontanter og lignende

	31.12.2025	31.12.2024
Bankkontoer utenfor statens konsernkontoordning	0	16 356 376
Kontantbeholdninger	2 673	2 673
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende	2 673	16 359 049

Note 10 Sammenheng mellom avregnet med statskassen og mellomværende med statskassen (bruttobudsjetterte virksomheter)

A) Forklaring til at periodens resultat ikke er lik endring i avregnet med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2025	01.01.2025	Endring*
Avregnet med statskassen i balansen	4 600 296	22 148 991	-17 548 695

Bakgrunnen for at periodens resultat ikke er lik endring i avregnet med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte virksomheter, er at konsernkontoene i Norges Bank inngår som en del av avregnet med statskassen i balansen. I tillegg hensyntas enkelte transaksjoner som ikke er knyttet til virksomhetens drift og transaksjoner som ikke medfører ut - eller innbetaling. Nedenfor vises de ulike postene som er grunnen til at endring i avregnet med statskassen i balansen ikke er lik periodens resultat.

Endring i avregnet med statskassen

Konsernkontoer i Norges Bank

Konsernkonto utbetaling	-76 409 292
Konsernkonto innbetaling	19 487 879
Netto trekk konsernkonto	-56 921 413

Innbetalinger og utbetalinger som ikke inngår i virksomheten drift (er gjennomstrømningsposter)

- Innbetaling innkreivingsvirksomhet og andre overføringer	0
+ Utbetaling tilskuddsforvaltning og andre overføringer	0

Bokføringer som ikke går over bankkonto, men direkte mot avregning med statskassen

+ Inntektsført fra bevilgning (underkonto 1991)	72 791 989
- Gruppeliv/arbeidsgiveravgift (underkonto 1985 og 1986)	-2 853 654
+ Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift (underkonto 1987)	4 531 773

Andre avstemmingsposter

Spesifikasjon av andre avstemmingsposter	0
--	---

Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto 17 548 695

Resultat av periodens aktiviteter før avregning mot statskassen 0

Sum endring i avregnet med statskassen * **17 548 695**

*Sum endring i avregnet med statskassen skal stemme med periodens endring ovenfor.

B) Forskjellen mellom avregnet med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2025 Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	31.12.2025 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen	Forskjell
Immaterielle eiendeler og varige driftsmidler			
Immaterielle eiendeler	8 294 314	0	8 294 314
Varige driftsmidler	397 040	0	397 040
<i>Sum</i>	8 691 354	0	8 691 354
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Andre fordringer	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	0	0	0
Kundefordringer	2 838 742	0	2 838 742
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	1 406 351	0	1 406 351
Andre fordringer	469 983	0	469 983
Bankinnskudd, kontanter og lignende	2 673	2 673	0
Fordringer vedrørende innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0	0
<i>Sum</i>	4 717 748	2 673	4 715 075
Langsiktige forpliktelser og gjeld			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	-2 226 544	0	-2 226 544
Øvrig langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	-2 226 544	0	-2 226 544
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-653 698	0	-653 698
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-993 553	-1 097 815	104 262
Skyldige offentlige avgifter	-332 935	0	-332 935
Avsatte feriepenger	-1 746 126	0	-1 746 126
Mottatt forskuddsbetaling	0	0	0
Annen gjeld til ansatte	-675 927	0	-675 927
Avsatt pensjonspremie til SPK, arbeidsgiverandel	0	-875 062	875 062
Annen kortsiktig gjeld	-2 180 023	0	-2 180 023
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0	0
<i>Sum</i>	-6 582 263	-1 972 877	-4 609 386
Sum	4 600 296	-1 970 204	6 570 500

Mellomværende med statskassen består av kortsiktige fordringer og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsregnskapet (S-rapport). Avregnet med statskassen viser finansieringen av virksomhetens netto eiendeler og gjeld.

Note 11 Annen kortsiktig gjeld

	31.12.2025	31.12.2024
Skyldig lønn	0	0
Annen gjeld til ansatte	675 927	251 900
Avsetning for lønnsoppgjør	0	0
Påløpte kostnader	1 943 044	422 800
Avstemmingsdifferanser ved rapportering til statsregnskapet	0	0
Avsatt pensjonspremie til SPK, arbeidsgiverandel	0	0
Annen kortsiktig gjeld	<u>236 979</u>	<u>4 803 667</u>
Sum annen kortsiktig gjeld	<u>2 855 951</u>	<u>5 478 367</u>